



Maria Ones
Kvalvågnesvegen 19
5956 HUNDVIN

Unnateke off.
§ 13 1. ledd, jf. fvl. § 13 1.
ledd nr. 1

Referanser:
Dykker:
Vår: 15/3888 - 16/33766

Saksbehandlar:
Kjartan Nyhammar
kjartan.nyhammer@lindas.kommune.no

Dato:
08.12.2016

Gbnr 86/2 Ones - Søknad om SMIL-midler for inngjerding av innmark

Det vert synt til søknad motteken 12. november 2015.

Søknaden gjeld :

Maria Ones søker SMIL – midler til inngjerding av innmarka på gbnr 86/2 for hald av utegangarsau.

Drifta på eideomen :

Søkjar har overteke eideomen etter mor si og har no bygd nytt hus på fråskild tomt på garden. Dei har kjøpt inn sauer og er i ein oppstartfase med drifta.

Forskrift / Strategi :

Søknaden vert handsama i tråd med Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket og Lindås kommune sin Tiltaksstrategi for bruk av SMIL – midlar for perioden 2016-2019.

Vurdering av saka :

Det omsøkte tiltaket er innanfor prioriterte tiltak og prioriterte søkerjara i Lindås kommune sin tiltaksstrategi for SMIL – midlane. Søkjar har starta opp drifta i løpet av dei 5 siste åra. Søkjar er berettiga produksjonstilskudd.

Kommunen sine tilskotsmidlar til spesielle miljøtiltak i jordbruket er avgrensa i høve til søknadsmengden og dette tilseier ei streng prioritering av søkerane. Likeeins når det gjeld tildeling av midlar til dei einskilde prosjekta.

På bakgrunn av dette har ein avkorta løvvinga, i høve til søknaden, til å gjelde inngjerdinga av teigen nedom driftsbrygningen, teigen mellom huset på garden og vegen og gjerding av teigen aust for vegen(utom «nyehuset» og hytter). Det utgjer 1255 meter gjerde. Når ein nyttar standard kostnad på kr 80 pr meter



vert det ein berekna kostnad på kr 100.400,-. Det vert løyvd 50 % tilskudd av kostnadsoverslaget dvs kr 50.200,-

Verken plan- og bygningslova eller naturmangfaldslova kjem til andvending i denne saka.

Vedtak :

Søknaden er handsama etter §8 i forskrifta og det vert løyvd inntil kr 50.200. Dette beløpet utgjer eit eingongstilskot. Frist for gjennomføring av slike tiltak er 3 år frå løyvinga er gjeve.

Frist for gjennomføring av tiltaket vert sett til 1.november 2019.

Klagerett :

Vedtaket kan pålagast jfr forvaltningslova §§ 28 og 29. Klagen sendast kommunen som vurderer om klagen vert teke til følgje. Dersom kommunen ikkje tek klagen til følgje skal den sendast vidare til fylkesmannen med ein uttale. Fylkesmannen fattar endeleg vedtak i klagesaka.

Generelt om løyving av SMIL – midlar :

- Frist for gjennomføring er generelt 3 år viss ikkje det er sett ein spesifikk dato i vedtaket. Men det kan søkjast om utsetjing av arbeidsfristen utifrå grunngjeving, seinast 1 månad før fristen går ut. Men ikkje utover 5 år frå tilskotet vart løyvd. Løyvd tilskot kan trekkjast attende heilt eller delvis dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga jfr § 10 i forskrifta om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Utbetalning av tilskot:

- Utbetalning av tilskot skjer etter skriftleg oppmading frå søker (saldokort) og når tiltaket har fått godkjent sluttrekneskapet. Det kan også gjerast delutbetalning på bakgrunn av godkjent dokumentasjon etter kvart som delar av tiltaket er utført. Minst 25 % av tilskotet vert halde tilbake inntil arbeidet er fullført og sluttrekneskap er godkjent.
- I søknad om sluttutbetalning skal det leggjast ved rekneskap med timelister for eige og leigd arbeid, fakturaer for innkjøpt materialer og gjerne fotodokumentasjon.
- **Til utbetalning vil konto 6529.10.71125 verta nytta. Søkjar pliktar å informera skriftleg om endring av kontonummer.**

Kommunen si rolle i gjennomføring av tilskotsordninga:

- Kommunen gjer vedtak og orienterer Fylkesmannen si landbruksavdeling om løyvinga.
- Førespurnad om delutbetalning eller sluttutbetalning skal rettast til kommunen.
- Søknad om utsetjing av arbeidsfrist skal rettast til kommunen. Det er viktig at ein søker om utsetjing i god tid før fristen går ut, minimum ein månad.

Kontroll:

- Kommunen tek synfaring og godkjenner etter at arbeidet er gjort etter planen.
- Fylkesmannen si landbruksavdeling kan også foreta synfaring på ferdige tiltak. De vil i såfall vera varsle på førehand.
- Kommunen, Fylkesmannen eller Riksrevisjonen kan krevja naudsynte opplysningar og kontrollera at bruken av tilskotsmidlane er i tråd med føresetnadane. Jfr § 9 i forskrifta

Med helsing

Kjartan Nyhammar
landbrukskjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland	Landbruksavdeling 5020 a	BERGEN
--------------------------	-----------------------------	--------

Mottakarar:

Maria Ones	Kvalvågnesvegen 5956 19	HUNDVIN
------------	----------------------------	---------